



DET KONGELIGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Utenriksdepartementet
Postboks 8114 Dep
0032 OSLO

Deres ref.
11/03822-20

Vår ref.
201200485- /NNO

Dato
28.02.2012

Høring - utredning om valgfri protokoll til FNs konvensjon om økonomiske sosiale og kulturelle rettigheter - mulige virkninger av norsk tilslutning

Vi viser til Utenriksdepartementets brev av 16. januar 2012 med vedlegg.

Justisdepartementet har følgende merknader:

Spørsmålet om hvilken vekt FN-komiteenes avgjørelser i individklagesaker bør ha som rettskilde, er behandlet i utredningen punkt 9.5.3 og 9.5.4. Det vises til uttalelser i forarbeidene til menneskerettighetsloven i Ot. prp. nr. 3 (1998-1999) s. 69-70, der det langt på vei legges til grunn at uttalelser fra FNs menneskerettighetskomité vil ha tilsvarende vekt som en avgjørelse fra EMD. For fullstendighetens skyld vil vi bemerke at disse uttalelsene er nyansert noe i forbindelse med inkorporeringen av kvinnediskrimineringskonvensjonen i menneskerettsloven, jf. Ot.prp. nr. 93 (2008-2009) punkt 6.4 der det uttales:

«Departementet finn grunn til å nyansere desse utsegnene litt. For det første må det presiserast at dommane som EMD seier, etter EMK er folkerettsleg bindande. Avgjerdene frå FNs kvinnediskrimineringskomité i individklagesaker, er, til liks med avgjerder frå dei andre overvåkingsorgana i FN-systemet, ikkje bindande. Vidare er det òg store forskjellar mellom EMD og FN-komiteane når det gjeld samansetjing, oppgåver og sakshandsaming. EMD er sett saman av uavhengige dommarar valde etter ein grundig prosess, alle dommarane arbeider fulltid ved domstolen, og alle medlemsstatane er representerte. EMD vil i tillegg som regel ha eit heilskapleg perspektiv i avgjerdene sine, der dei ulike rettane i EMK og verdiane dei skal sikre, vil bli vurderte mot kvarandre. Kvinnediskrimineringskomiteen skal etter artikkel 17 nr. 1 i konvensjonen vere samansett av 23 medlemmer «med godt omdømme og stor kompetanse på

det område som hører under denne konvensjon». Medlemmene er ikkje nødvendigvis juristar, og sjølv om dei skal fungere «i personlig eigenskap», er den uavhengige stillinga ikkje like godt sikra som for EMD-dommarane. Vidare er det velkjent at FN-komiteane har avgrensa ressursar, og sakshandsaminga er ikkje eigna til å sikre at saka blir like godt opplyst som ho ville blitt etter EMDs reglement. Kvinnediskrimineringskomiteen har vidare som oppgåve å overvake oppfølginga av føresegnene i kvinnediskrimineringskonvensjonen, og omsynet til å fremme rettsstillinga til kvinner vil derfor vere dominerande.

Når komiteane viser vilje til å tolke konvensjonane dynamisk, inneber det også at norske rettsbrukarar ikkje ukritisk kan leggje til grunn den oppfatninga konvensjonsorgana har. I ei avgjerd i Rt. 2008 s. 513 (Dar-saken) slo Høgsterett fast at oppmodingar til statane frå FNs torturkomité i klagesaker om å treffe mellombels tiltak ikkje var folkerettsleg bindande, trass i at FNs torturkomité sjølv – til liks med FNs menneskerettskomité – har uttalt at slike fråsegner er bindande for statane. Høgsterett la vekt på at ein slik påstått kompetanse til å komme med bindande pålegg om mellombels tiltak ikkje har forankring i konvensjonsteksten, og at komitéavgjerder som gjeld individklager, ikkje er rettsleg bindande (avgjerda avsnitt 57). Høgsterett føydde samtidig til at «den norske holdningen er at slike anmodningar skal tillegges stor vekt, og at de i utgangspunktet vil bli etterkommet så langt dette er mulig» (avsnitt 58).»

Med hilsen

Harald Aass
fagdirektør

Nina Helene Norby
førstekonsulent